

## *Ullahammaren på Haramsøy*



Av Ole Ullhammer  
(1904-2001)

Nedskrive ca 1990

Ulla med Ullahammaren var det største fiskeværret på Nordre Sunnmøre i gamle dagar. Grunnen var vel at her var gode hamnetilhøve og kort utror. Så tidleg som på femtenhundretalet veit me at her budde folk. Olav Engelbretson, Noregs siste erkebiskop, som talsmann for den katolske kirke, måtte rømme landet i 1537, og det var då frå Ulla han rømde til Nederland.

Kor gamle dei første sjøhusa var, er ikkje godt å seie, men det vart bygd hus langs stranda så langt plassen rakk, for behovet var så absolutt til stades. I Ullahammaren var det 6 sjøbuer av ulik storleik. Det er fortalt at det var 50-60 båtar som dreiv fiske herifrå, i vårfisketida i 1850-1885 åra. Vårfisket varde årvisst frå Kyndesmesse (2. februar) og til Marimesse (25. mars). Det måtte derfor mykje hus til både for folk og fisk. Her var mange handelsmenn på staden. Det var Rønneberg, Methlie, Løegh, Job Pedersen Brunvold og fleire. Job Brunvold kom hit frå Harøya, og var omgangsskulelærer i fleire skulekrinsar, men løna var lita, 12 spesidalar for året, så han slutta etter kort tid og tok til med handel. Han gifte seg med ei jente av elevane sine, ho var frå Samund-garden på Lausund, Lepsøy, og heitte Petrine. Dei fekk tre born, Kristian, Fillip og

Marie. Kristian var los her, Fillip lærde seg til bakar, og Marie vart lærarinne. Det som særmerkte desse syskena, var deira uvanlege fysiske styrke. Det var sagt at Kristian lyfte eit sirupsfat opp på butikkdisken. Fillip bar tre hundre kilos mjølsekker, ein under kvar arm, og så lagde dei det tredje på ryggen hans. Denne beit han i struten og gjekk på denne måten med alle tre.

Det var Ingebrigt Løeg som fekk privilegium på brennevinshandel. I 1838 var avgifta for løyvet hans sett til 2 spesidalar for året. I 1862 fekk Webjørn Svendsen og Hans Løeg løyve til å selje brennevin. I 1876 betalte dei 40 spesidalar for året i avgift, rekna etter ein omsetnad på 1200 liter. Brudlaupa varde som regel i tre dagar, og då var det vanleg å kjøpe 1-2 tunner brennevin og 5-6 tunner øl. I 1886 vart det slutt med brennevinshandel i Ullahammaren. Likaste tida for handel i Ullahammaren var vel også over då.

Dertil tok fråhaldsrørsla til å gjere seg gjeldande. På Ulla var så visst ikkje alle fråhaldsfolk på den tida, og dei fekk lett slökkje tyrsten ved å gå på utsalga i Hammaren. Men då det vart slutt på brennevinshandelen, varde det ikkje lenge før dei fleste skreiv seg inn i det lokale fråhaldslaget som var på øya.

Når no Ulla hadde slutta som fiskevær, og handelsmennene hadde gått fallitt som dei sa, så gjekk det mest same vegen med sjøhusa også. Sume vart selde, andre tok storbåra, og sume forfalst og rotne ned. Denne som me kalla Storebuda, og som til slutt for til Steinshamn på Harøya, var opprinneleg bygd som trandamperi. Men det var butikk og soverom i andre etasje. Der budde ho Elisabeth Hellevik og brennerikarane i fisketida. Ho Elisabeth budde der elles heile året.

Det var Per-Elias Flem og ein Albert Olsen i Ålesund som dreiv handel her det eg minnst, og han gamle lokalbuande Knut Svendsen var bryggjemann. Dei kjøpte lange og brosmes og hyse. På føresommaren når desse 35 fots Langgrunns-båtane med 4 HK Dan eller Alpha motor kom inn, so tørna dei opp eit stykkje frå land, stoppa motoren, og tok til å leggje om liner. Når sjøen flødde og det gjekk over ein stein som dei hadde til merke, sette dei ut dorryen, rodde ein tamp (tau) i land, og

hala båten opp til buda og kasta fisken inn på budagolvet. Så kapp dei haudet av, han gamle Knut vog, og Helene Tomren, Tomesine Svendsen og ho Elisabeth sørga for å få den i salt. Så var det å føre fisken på ein stad der den vart turka og seinare send til byen (Ålesund). Om hausten tok hysefisket til . Eg hugsar at før fyrste verdenskrig var her opptil 8-10 trerongar som leverte hyse på Storebuda. Stø-karane og Flemskarane kom roande opp gjennom Renna mellom Nogvafjorden og Ullasundet, og Ullabåtane kom inn Sundet. Her var eit yrande liv, og me gutungane var i fullt arbeid med å male is til gamle-Knut, og han lagde og skara so fint hysa i 500 kilos kasser med is på. Hysa vart send med lokalbåten "Ternen" til Ålesund, men ofte måtte han Flatmark i byen sende "Pluggen" eller "Basken" hit for å hente hyse. Ei tid kjøpte han Remme-Elias og hyse, men for at alt dette skulle virke, måtte det førast is og salt hit. Når desse lastepramene kom måtte ein vere godt hjelpta. Han Per Elias Flem kom og hadde med seg 3-4 mann, og dessutan alle som hadde tid her i Hammaren, for skutene måtte tømast på ei og sam flo. Som oftast var det han Storesøvik som slepte pramene og ein gamal kar som heitte Kurset som ofte stod bak på pramene og styrde. Då første verdenskrig tok til i 1914, vart det slutt på denne aktiviteten. Ein fekk ikkje sende isa fisk ut or landet på grunn av fare for miner og torpedoar.

Men så i 1916 fekk Sevrin Larsen og Laurits Uri interesse for Ullahammaren. Dei bygde ei trekai i frå svala som var tilbygd Storebuda og ca 20 meter bortover leira, og kjøpte sild på buda så lenge krigen varde.

På Ullavålen aust for Hammaren, hadde fiskebåtane på Ulla sine faste anker/tørneplassar. Her er ei oversikt over båtane på Ulla på den tida.

Båtnamn	Storleik i fot	Eigar
"Reidulf"	42	Sjur- og Larsgarden
"Fredheim"	38	Nils Ulla i Kari-garden
"Glimt"	38	Jo-garden
"Jostein"	47	Jo-garden
"Ulabrand"	40	Gustav Ulla og Hans Aakre
"Haabet"	40	Ingvald Tomren
"Odin"	40	Karl Åkre
"Kvikk"	40	Elias Flem og Petter Tomren
"Neptun"	38	Filip og Laurits Svendsen
"Ullabrand"	33	Petter Hellevik og Filip Jobson Ullhammer

Då fekk alle som ville arbeid, me fekk 80 øre tunna for å kverke og salte silda. Og dei vaksne karane fekk 10 kr dag. Dette var ei jobbetid som ingen hadde drøymt om. Etter denne tida var buda brukt til å salte torsk om vintrane av dei som ikkje sjølv hadde sjøhus. Same folket hadde og fiskevegna si under tak her.

Buda var også brukt til å lagre tareoske i, så det var lett vint når den skulle leverast. Ungdommen brukte den også til å danse. Denne perioden varde frå ca 1900 til 1940. Det var stundom ein kom for å danse, det var så mykje torskehaud utover golvet at ein måtte til å kaste vekk hauda bort i eine kråa og såleis rydde golvet. Storebuda var ein kjend og kjærkomen danseplass. Her kom ungdom frå heile Haramsøya og Flemsøya så det vart ofte svært trongt om plassen på svalgolvet. Golvet i det gamle brenneriet var så nedslite og ujamnt at det gjekk berre ikkje an å danse der.

Ishuset var eit tilbygg til buda. Når det var mykje snø, så leigde han gamle-Knut Hammarskarane til å bere og fylle det med snø. Og snø var det nok av i min barndom, så det har tydeleg gått føre seg eit klimaskifte frå den tid og til no. Etter kvart som tidene skifte og vi med den, vart Storebuda ståande tom. Fiskarane slutta å salte fisken sjølve, og det vart ingen

som lenger betalte leige. Men buda stod under open himmel framleis og kravde vedlikehald. Alle gardbrukarane på Ulla hadde kvar sin parti buda, i Hammaren var det halve eigarpartar for det meste. Ingen ville skyte inn ny kapital til vedlikehald, og såleis vart den utbydd til sals.

Storebuda vart seld til fiskebåteigar Peder Huse, på Harøya i 1946. Prisen var 8000 kroner. Etter nedriving var den frakta med MB "Koralen" og spesialbygde tømmerflåtar til Steinshamn, der den seinare er oppattbygd i ny utgåve.